

OFFENTLEG

STYREMØTE I HELSE VEST IKT AS

.....

INNKALLING TIL STYREMØTE HELSE VEST IKT AS

STAD: Helse Vest RHF, Nådlandskroken 11, Forus
MØTETIDSPUNKT: Onsdag 13.03.2019, kl. 09.30 – 14.00

GÅR TIL:

Styremedlemmer

Olav Klausen	Medlem
Inger Cathrine Bryne	Medlem
Beate Sander Krogstad	Medlem
Arve Varden	Medlem
Eivind Gjemdal	Medlem
Clara Gram Gjesdal	Medlem
Stian Hoell	Medlem
Agnete Sjøtun	Medlem
Lars-Erik Baugstø-Hartvigsen	Medlem
Ørjan Midttun	Medlem

Styremøtet er ope for publikum og presse

.....

Bergen, 6. mars 2019
Helse Vest IKT AS

Herlof Nilssen
Styreleiar

SAKSLISTE:**UNDERLAG:****OPNE SAKER**

Sak	01/19 B	Godkjenning av innkalling og dagsorden	Vedlagt
Sak	02/19 B	Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 14.12.2018	Vedlagt
Sak	03/19 O	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak	04/19 B	Rapportering frå verksemda per januar 2019	Vedlagt
Sak	05/19 B	Styret sin årsberetning for 2018	Vedlagt
Sak	06/19 B	Godkjenning av årsrekneskap for Helse Vest IKT AS for 2018	Vedlagt
Sak	07/19 B	Leiinga si årlege gjennomgang av IKT-sikkerheit for 2018	Vedlagt
Sak	08/19 B	Styringsdokument for 2019 for Helse Vest IKT AS	Vedlagt
Sak	09/19 O	Langtidsbudsjett for Helse Vest IKT AS 2020 – 2024	Vedlagt
Sak	10/19 B	Mål for overordna risikostyring for Helse Vest IKT for 2019	Vedlagt
Sak	11/19 O	Status Kundesenteret	Vedlagt
Sak	12/19 O	Program LIBRA – innføring av SAP for økonomi og logistikk	Vedlagt
Sak	13/19 O	Integrasjonsprinsipp og -strategi	Vedlagt
Sak	14/19 O	Samanlikning av IKT-nøkkeltal for regional IKT 2017	Vedlagt

LUKKA SAKER

Sak	15/19 O	Status DIPS Arena og DIPS AS	Vedlagt
Sak	16/19 O	Status Baxter og Meona	Vedlagt
Sak	17/19 O	Status samarbeidet med Systematic og Imatis	Vedlagt
Sak	18/19 O	Status samarbeidet med IBM om LIBRA	Vedlagt
Sak	19/19 O	Eventuelt	

Styret sitt kvarter

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST IKT AS

STAD: Haraldsplass Diakonale Sjukehus, Bergen

MØTETIDSPUNKT: Fredag 14.12.2018, kl. 10:00 – 14.00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Herlof Nilssen	Leiar
Olav Klausen	Styremedlem
Inger Cathrine Bryne	Styremedlem
Arve Varden	Styremedlem
Clara Gram Gjesdal	Styremedlem
Beate Sander Krogstad	Styremedlem
Eivind Gjemdal	Styremedlem
Bodil Lekve	Styremedlem
Agnete Sjøthun	Styremedlem
Ørjan Midttun	Styremedlem
Lars-Erik Baugstø-Hartvigsen	Styremedlem

FORFALL

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Erik M. Hansen, administrerende direktør

Leif Nordland, økonomisjef

SAKSLISTE:

OPNE SAKER

- Sak 77/18 B Godkjenning av innkalling og dagsorden
- Sak 78/18 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 14.09.2018
- Sak 79/18 O Administrerende direktør si orientering
- Sak 80/18 B Rapportering frå verksemda per november 2018
- Sak 81/18 O Investeringsramme for IKT i Helse Vest 2019
- Sak 82/18 B Budsjett investering i IKT infrastruktur Helse Vest IKT 2019
- Sak 83/18 B Budsjett for Helse Vest IKT for 2019
- Sak 84/18 B Utkast til årlig melding til Helse Vest RHF for 2018
- Sak 85/18 B Status risikostyring for Helse Vest IKT for 2018
- Sak 86/18 B Mål overordna risikostyring for Helse Vest IKT AS 2019
- Sak 87/18 B Gjennomgang av styrande dokument for Helse Vest IKT AS
- Sak 88/18 O Status Forretningsplan for Helse Vest IKT
- Sak 89/18 O Oppdatert status for Kundesenteret i Helse Vest IKT

LUKKA SAKER

- Sak 90/18 O Status samarbeidet med DIPS om DIPS Arena
- Sak 91/18 O Status samarbeidet med IBM om LIBRA
- Sak 92/18 O Status samarbeidet med Baxter/Meona om KULE
- Sak 93/18 O Risiko- og sårbarheit for infrastruktur IKT
- Sak 94/18 Eventuelt

Styret sitt kvarter

Styrets eigenevaluering og evaluering av adm. dir.

.....

Opne saker

Sak 077/18 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente innkalling og dagsorden.

Sak 078/18 B Protokoll frå styremøte i Helse Vest IKT AS 07.11.2018

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente protokoll frå styremøtet 07.11.2018.

Sak 079/18 O Administrerende direktør si orientering

1. *Møte med Norsk Helsearkiv*
Adm. dir. orienterte kort om møte med Norsk Helsearkiv som er avtalt 18.12.2018 for å få status for uttrekk av data frå DIPS for oversending til det nye helsearkivet på Tynset.
2. Omfattande episodar med beredskap
Det har ikkje vore omfattande episodar etter styremøtet 07.11.2018.
3. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndighetskrav
Ingen relevante saker
4. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker
Ingen relevante saker

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 080/18 B Rapportering frå verksemda per november 2018

Oppsummering:

Administrasjonen er av det syn at utviklinga er svært krevjande når det gjeld servicegrad for Kundesenteret i Helse Vest IKT (sjå og eiga sak 089/18). Dette viser at organisasjonen er under eit stort press. Dette heng og saman med det faktum at det er svært stor aktivitet i program og prosjekt knytt til produksjonssetting av nye løysingar. Omdøme har vore bra dei siste åra, og det er viktig at Helse Vest IKT kjem opp på avtalt nivå for servicegraden innan rimelig tid.

Styret ba administrasjonen fylgje opp den krevande arbeidssituasjonen, og sikre at leiarar fylgjer opp den einskilde medarbeidar slik at presset ikkje blir for stort på enkeltpersonar. Administrasjonen må prioritere å ivareta helsa til medarbeidarane gjennom god leiaroppfølging og med fokus på HMS.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapport frå verksemda for november 2018 til etterretning.

Sak 081/18 O Investeringsramme IKT for 2019**Oppsummering:**

Porteføljestyret i Helse Vest RHF hadde møte 03.12.2018. Investeringsrammen for IKT porteføljen for 2019 vert sett til 400 mill. kr., og endelig vedtak om porteføljebudsjett skal leggst fram for porteføljestyret før handsaming av budsjett 2019 i styret for Helse Vest RHF.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 082/18 B Budsjett investeringar i IKT infrastruktur for 2019**Oppsummering:**

Administrasjonen har i denne saka lagt fram forslag til disponering av investeringsramme for infrastruktur for 2019.

Med den veksten Helse Vest IKT har på utstyrssida, og det faktum at Helse Vest IKT må utsette ein del investeringar til 2020, vil gjennomsnittsalderen på utstyret auke.

Administrasjonen er av det syn at desse investeringane i sum vil gje tilfredsstillande kvalitet i den samla IKT infrastrukturen som Helse Vest IKT er ansvarleg for.

Administrasjonen peika på utfordringa med oppgradering av server og lagring for DIPS. Her må planlegging starte i 2019 og gjennomføring skje i 2020. Dette vil forutsette ei ekstra investeringsramme for dette tiltaket.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjenner forslag til investering i IKT infrastruktur for 2019.

Sak 083/18 B Budsjett for Helse Vest IKT AS for 2019**Oppsummering:**

Helse Vest IKT har etter styremøtet 07.11.2018 hatt dialog med helseføretaka og Porteføljestyret om budsjett for 2019. Det har vore særleg fokus på innføring av nye løysingar, HF-investeringar, og innsparingsmuligheiter. I tillegg er det sett på portefølje, arbeidsoppdrag, og leigeordning. Forslag til endringar i SLA for 2019 har ikkje gitt vesentlege endringar i budsjett.

Forslag til budsjett er på 1 139,3 mill. kr., ei auke på 95,1 mill. kr. i forhold til prognose for 2018, og ei auke på 121,3 mill. kr. i forhold til budsjett 2018.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret vedtok budsjett for Helse Vest IKT AS for 2019.

Sak 084/18 B Utkast til årlig melding til Helse Vest RHF for 2018

Oppsummering:

Administrasjonen har utarbeida eit utkast til "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2018". Administrasjonen har mottatt mal frå Helse Vest RHF for årleg melding. Administrasjonen har hatt eit stort arbeidspress i november og desember. Dermed er utkast til årleg melding basert på den strukturen som administrasjonen gjennom året har brukt for å fylje opp styringsdokumentet.

Styret ber om at mal frå Helse Vest RHF vert nytta, og at administrasjonen i tida fram til rapportering (15.01.2019) omarbeider utkast til årleg melding, slik at årleg melding nyttar tilsendt mal. Endeleg versjon vert send styret for gjennomgang via e-post tidleg i januar 2019.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tar utkast til "Årleg melding til Helse Vest RHF for Helse Vest IKT for 2018" til orientering.
2. Styret ber administrasjonen sende ut endeleg versjon av dokumentet til styret for godkjenning i første halvdel av januar 2019.

Sak 085/18 B Rapportering av risiko per 3. tertial 2018

Oppsummering:

Administrasjonen har utarbeid ei vurdering av status på risiko per utgangen av 3. tertial 2018. Rapportering på risiko i Helse Vest IKT fylgjer vedtekne retningslinjer. Administrasjonen er av det syn at risikovurderinga samla sett viser ein utfordrande situasjon for Helse Vest IKT per utgangen av 2018.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapportering av risiko for Helse Vest IKT per 3. tertial 2018 til etterretning.
2. Styret bad administrasjonen fylgje opp risikobiletet i Helse Vest IKT. Styret ber vidare om at administrasjonen kjem tilbake til styret med ei orientering om korleis risikopunkt i rød sone vert handtert.

Sak 086/18 B Mål for overordna risikostyring for Helse Vest IKT AS for 2019

Oppsummering:

Helse Vest IKT har hatt ein praksis med å legge fram mål for risikostyring for neste år i siste styremøte i eit kalenderår. Administrasjonen er av det syn at vi treng å arbeide med dette tema inn i 2019, før vi kan legge fram gjennomarbeida mål for risikostyring for 2019.

Administrasjon har dermed ved denne sak lagt fram forslag om å utsetje handsaming av mål for risikostyring for 2019 til styremøtet 13.03.2019.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret godkjente at mål for overordna risikostyring for Helse Vest IKT AS for 2019 vert lagt fram i fyrste styremøte i 2019.

Sak 087/18 B Gjennomgang av styrande dokument for Helse Vest IKT**Oppsummering:**

Viser til sak 025/14 i styremøtet 29.04.2014 og til sak 092/16 om «Gjennomgang av styrande dokument for Helse Vest IKT AS». Administrasjonen har med denne saka lagt fram styrande dokument for årleg gjennomgang.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:
 - a) Styreinstruks for Helse Vest IKT AS
 - b) Vedtekter for Helse Vest IKT AS
 - c) Instruks for adm. dir. i Helse Vest IKT AS
 - d) Etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest

Sak 088/18 B Status oppfølging av Forretningsplan for Helse Vest IKT**Oppsummering:**

Administrasjonen har i denne saka lagt fram ein oppdatert status for arbeidet med tiltak i gjeldande versjon av Forretningsplan for Helse Vest IKT. Forretningsplanen var sist godkjent ved styresak 035/18, i styremøtet 08.06.2018. Her vart planen revidert med tiltak for perioden 2018 og 2019. Administrasjonen gav ein kort oppsummering av status. Administrasjonen vil komme attende til dei ulike tiltaka gjennom 2019.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok status for gjennomføring av tiltak i Forretningsplan for Helse Vest IKT for 2018 og 2019 til orientering.

Sak 089/18 O Oppdatert Status Kundesenteret i Helse Vest IKT**Oppsummering:**

Viser til styresak 070/18, «Situasjonen for Kundesenteret i Helse Vest IKT», handsama av styret i styremøtet 07.11.2018. Administrasjonen har i denne saka gitt ein kort oppsummering av tiltak og forslag til tiltak for å redusere tal telefonar til Kundesenteret. Administrasjonen ynskjer i utgangspunktet ikkje å redusere kravet, men heller arbeide med å nå målet om servicegrad på 80% ved primært å redusere talet telefonar. For å klare dette er Helse Vest IKT avhengig av stabil drift, endringar av høg kvalitet og få feil ved produksjonssetting av nye løysningar.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok oppdatert Status Kundesenteret til orientering.

Lukka saker

Sak 090/18 O Status og utfordringar for DIPS Arena og DIPS ASA

(Unntatt offentlighet (jf § 23 i Offentleglova))

Oppsummering:

Helse Vest IKT arbeider framleis med utgangspunkt i at oppgradering til DIPS Arena 17.2.4 vil verte gjennomført 09.02.2019. DIPS Arena 17.2.3 vart innført for psykisk helse ved Diakonhjemmet 25.11.2018.

DIPS AS har kjøpt forretningsområdet «Levekår» frå det Bergensbaserte programvarehuset ACOS AS, og åpner dermed dørene til eit veksande marked for helsefagløysingar i kommunehelsetenesta.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 091/18 O Status samarbeidet med IBM om LIBRA

(Unntatt offentlighet (jf § 23 i Offentleglova))

Oppsummering:

Det er tidligare informert om store forsinkelsar i arbeidet med fyrste fase, LIBRA 1. Det er no inngått avtale med IBM knytt til konsekvensane av denne situasjonen. Milepæl «Løysing klar for kunden sin akseptansetest» vart godkjent 14.12.2018, dermed kan akseptansetest starte 02.01.2019. Gitt at løysinga basert på SAP S/4 HANA vert godkjent i akseptansetesten, vil den kunne settast i produksjon 01.04.2019.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 092/18 O Baxter og Meona – status og utfordringar

(Unntatt offentlighet (jf § 23 i Offentleglova))

Oppsummering:

Det er god dialog med Baxter/Meona om vidare arbeid fram mot ferdigstilling av kontrakten og overgang til forvaltning og videreutvikling av løysinga gjennom vedlikeholdsavtalen. Dette var fokus for dialogen i møte med Baxter/Meona i Bergen i veke 47. Det er og dialog mellom partane om handtering av uteståande betaling for leveransar i 2018.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok saka til orientering.

Sak 093/18 O Risiko og sårbarhet for infrastruktur

(Unntatt offentlighet (jf § 23 i Offentleglova))

Oppsummering:

Helse Vest IKT gjennomfører eit kontinuerleg arbeid med risiko- og sårbarheitsvurderingar av den IKT-tekniske infrastrukturen innanfor Helse Vest IKT sitt ansvarsområde. Administrasjonen la fram ein oppdatert oversikt over risiko og sårbarheit for IKT infrastruktur. Administrasjonen er av det syn at utvikling er

tilfredsstillande, men og at dette viktige arbeidet må halde fram for å oppretthalde kontroll med situasjonen.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok vurdering av risiko og sårbarhet for infrastruktur i Helse Vest IKT til orientering.
2. Styret bad administrasjonen sende kopi av vurdering av risiko og sårbarhet for infrastruktur i Helse Vest IKT til helseføretaka og kundar som Helse Vest IKT er databehandlar for.

Sak 094/18 O Eventuelt

Ingen saker

Styret sin eigenevaluering og evaluering av adm. dir.

1. Styret gjennomførte eigenevaluering og evaluering av adm. dir.
2. Løn for adm. dir. vart justert opp med 4,6 % med verknad frå 01.01.2018

Ref. Leif Nordland / Erik M. Hansen
18.12.2018

Herlof Nilssen

Styreleiar

Olav Klausen

Medlem

Inger Cathrine Bryne

Medlem

Clara Gram Gjesdal

Medlem

Arve Varden	Medlem
Eivind Gjemdal	Medlem
Beate Sander Krogstad	Medlem
Bodil Lekve	Medlem
Agnete Sjøtun	Medlem
Lars-Erik Baugstø- Hartvigsen	Medlem
Ørjan Midttun	Medlem

SAK 003-19

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 05.03.2019

SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen

SAKA GJELD: Administrerende direktør si orientering

ARKIVSAK:

STYRESAK: Styresak 003/19 O

STYREMØTE: 13.03.2019

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styre tek saka til orientering.

Fakta

Open del

1. Val av styremedlemmar valt av og mellom tilsette

* notat vedlagt

2. ForBetring

* notat vedlagt

3. Norsk helsearkiv

* notat vedlagt

4. Omfattande episodar med beredskap

* ingen saker i perioden

5. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

* ingen relevante saker

6. Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker

* ingen relevante saker

7. Oversikt over høyringar

Mottatt	Avsendar	Tema	Frist
15.02.2019	Helse Vest RHF	Regional helseberedskapsplan	01.04.2019

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS
DATO: 05.03.2019
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen, Leif Nordland, Rolf Ruland
SAKA GJELD: **Kunngjering av val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest IKT AS**

ARKIVSAK:
STYRESAK: 003/19 O

STYREMØTE: 13.03. 2019

Administrerende direktør si orientering pkt. 1

.....

Valstyre blei oppnemnd av styret i Helse Helse Vest IKT AS i møte 07.11.2018, og har hatt følgjande samansetting:

Leiar: Leif Nordland
Nestleiar: Rolf Ruland
Medlem: Anne Bjørlykke

Valstyret har fastsett valdagen til den 13. februar 2019. Valstyret har vedtatt at alle kunngjeringar om valet vil skje elektronisk. Dersom det blir fleirtalsval eller det kjem inn meir enn ei liste i samband med forholdstalsval, skal sjølve valet vere hemmeleg og skriftleg, og vil skje ved postsending slik som før. Dersom det berre kjem inn ei liste i samband med forholdstalsval, blir dei kandidatane som er føreslåtte på denne eine lista, valde utan at det blir gjennomført val.

Frist for å komme med krav om forholdstalsval ble sett til 2. januar 2019. Valstyret mottok krav om forholdstalsval innan fristen frå Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund, NITO, TEKNA og IT Forbundet i Delta.

Frist for å komme med valliste var 23. januar 2019. Valstyret mottok ei felles liste frå Fagforbundet, Norsk Sykepleierforbund, NITO, TEKNA og IT Forbundet i Delta.

Lista var i samsvar med forskrifta og var motteke innan fristen. Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 10 siste ledd:

«Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått. Dog gjelder § 9 åttende ledd tilsvarende»

Valresultat:

Styremedlemmar:

1. **Stian Hoell**
2. **Lars Erik Baugstø-Hartvigsen**
3. **Agnete Sjøtun**
4. **Ørjan Midttun**

Varamedlemmar:

5. **Eva Cathrine Backer**
6. **Øyvind Aardal**
7. **Anne-Lise Anastasiadou Høisæter**
8. **Jan-Fredrik Carlsen**
9. **Christel Beate Lerøy**
10. **Birgitte Johnsen**

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 12. Ny periode startar i mars 2019, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller ein vararepresentant sluttar i føretaket, stoppar vervet. Medlem av styret har møteplikt med mindre vedkommande har lovleg forfall.

Helseføretaka, Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen slik som avtalt på førehand.

Valresultatet vil bli kunngjort på Helse Vest RHF sine nettsider saman med kunngjering om klagerett.

Vedlegg: Protokoll frå valstyret Helse Vest IKT AS per 13.02.2019.

PROTOKOLL FRÅ VALSTYRET I HELSE VEST IKT AS

Valstyret blei oppnemnd av styret i Helse Vest IKT i møte den 07.11.2018, og har hatt følgjande samansetning:

- Leiar: Leif Nordland
- Nestleiar: Anne Bjørlykke
- Medlem: Rolf Ruland

Retningslinjer for gjennomføringa av valet

Valstyret vedtok følgjande retningslinjer for gjennomføring av val:

1. Alle kunngjerar om valet skal skje elektronisk
2. Valet skal skje ved postsending
3. Valet skal skje den 13. februar 2019
4. Krav om forholdstalsval må vere valstyret i hende innan 3. januar 2019
5. Listeforslag må vere valstyret i hende innan 23. januar 2019
6. Plan og materiell for valet blir lagt fram for valstyret for godkjenning
7. Forskriftene skal vere tilgjengelege på nettsidene: www.helse-vest.no

Kunngjering om val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest IKT er utført i samsvar med valforskrifta og har skjedd elektronisk på nettet.

Krav om forholdstalsval blei rettidiig motteke innan fristen den 3. januar 2019, frå Fagforbundet, NITO, IT-forbundet/Delta, Tekna og NSF, jf. forskrifta § 9.

Kunngjering om forholdstalsval blei lagt ut på intranettet til selskapet innan fastsette fristar.

Lister

Følgjande valliste blei tatt i mot i samsvar med forskrifta, og innan forslagsfristen gjekk ut:

Faste plasser

1. Stian Hoell	Tenesteproduksjon	Haugesund
2. Lars Erik Baugstø-Hartvigsen	Tenesteproduksjon	Førde/Florø
3. Agnete Sjøtun	Regionalt EPJ-Fagsenter	Bergen
4. Ørjan Midttun	Tenesteutvikling	Førde/Florø

Vararepresentantar:

5. Eva Catrine Backer	Arkitektur, Portefølje og Innovasjon	Stavanger
6. Øyvind Aardal	Arkitektur, Portefølje og Innovasjon	Stavanger
7. Anne-Lise Anastasiadou Høisæter	Regionalt EPJ-Fagsenter	Bergen
8. Jan-Fredrik Carlsen	Tenesteutvikling	Bergen
9. Christel Beate Lerøy	Arkitektur, Portefølje og Innovasjon	Bergen
10. Birgitte Johnsen	Regionalt EPJ Fagsenter	Haugesund

Valstyret fekk tilsendt berre ei liste innan fristen.

Etter ein gjennomgang av lista, vart dei som sendte inn lista oppfordra til å vurdere om det var mulig å bytte ut ein mann, med ei kvinne, blant dei fire faste representantane. Denne oppfordringa var avklart med eigar ved styreleiar i forkant med utgangspunkt i eit ynskje frå eigar om god balanse mellom menn og kvinner i styret for Helse Vest IKT. Oppfordringa vart ikkje tatt til følge.

Valet er gjennomført i samsvar med gjeldande forskrift § 14, 12. ledd:

”Dersom det bare fremkommer ett forslag til liste, er de som er foreslått på denne listen valgt i den rekkefølge de er foreslått.”

Funksjonstid og møteplikt

Funksjonstida er to år, i samsvar med forskrifta § 17. Ny periode startar i mars 2019, med styremøte og felles styreseminar for føretaksgruppa.

Dersom eit styremedlem eller vararepresentant sluttar i føretaket, vert vervet avslutta. Medlem av styret har møteplikt med mindre han har lovleg forfall.

Resultatet av valet går fram av denne protokollen. Resultatet av valet blir med dette omgåande meldt til leiinga og styret i Helse Vest IKT ved original signert protokoll. Valet vil også bli kunngjort på Helse Vest IKT sine intranettsider og med opplysningar om klagerett.

Det finst dokumentasjon for alt valmaterieil som er nytta for heile prosessen, sjå kunngjeringar på intranettet.

Helse Vest IKT og Helse Vest RHF har samarbeidd om prosessen, slik som avtala på førehand.

Valstyret, 13. februar 2019

Leif Nordland
Leiar

Rolf Ruland
Medlem

Anne Bjørlykke
Nestleiar

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 05.03.2019
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen

SAKA GJELD: ForBetring - medarbeiderundersøkelse

ARKIVSAK:
STYRESAK: 003/19 O

STYREMØTE: 13.03.2019

Administrerende direktør si orientering pkt. 2

.....

ForBetring - medarbeidarkartlegging

Den nasjonale medarbeidarundersøkinga ForBedring vert gjennomført i heile Helse Vest, inklusiv Helse Vest IKT.

Undersøkinga vart sendt ut elektronisk til alle medarbeidarar i Helse Vest i MinGat 1. februar, og vil vere tilgjengeleg i seks veker, fram til 15. mars. Per 6. mars har Helse Vest IKT ein svarprosent på 89 %. I 2018 fekk Helse Vest IKT ein svarprosent på 93 %.

I Helse Vest IKT vil tillitsvalte og hovudverneombod få tilgang til resultat på tvers av organisasjonen en uke før «alle», samtidig med leiarane.

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 05.03.2019
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen

SAKA GJELD: Norsk Helsearkiv

ARKIVSAK:
STYRESAK: 003/19 O

STYREMØTE: 13.03.2019

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

.....

Norsk Helsearkiv

Viser til adm. dir. sin orientering om møte med Norsk Helsearkiv gitt i sak 079/18 punkt 1 i styremøtet 14.12.2018. Helse Vest IKT gjennomførte 18.12.2018 møte med Norsk Helsearkiv. Det vart i møtet gjort ei to-delning av samarbeidet mellom Norsk Helsearkiv og Helse Vest. Dialogen relatert til overføring av papirjournalar vert fylgt opp av arkivansvarleg Linn Lode Jonassen i Helse Vest RHF i samarbeid med arkivansvarlege i helseføretaka. Helse Vest IKT fylgjer opp, saman med helseføretaka, overføring av elektroniske kopiar av journaldokument.

Helse- og omsorgsdepartementet (HOD) har kalla inn til eit møte med RHF/HF og Norsk Helsearkiv 14.03.2019. I dette møtet vil HOD og Norsk Helsearkiv presentere eit forslag om prosjektbidrag frå Norsk Helsearkiv for ein kortare periode overfor 4 helseføretak, eit i kvar region. Desse er Universitetssykehuset i Nord-Norge HF, Ålesund sykehus i Helse Møre og Romsdal HF, Helse Bergen HF og Aker sykehus i Oslo Universitetssykehus HF.

Direktoratet for e-helse og Norsk helsearkiv har hatt kontakt med DIPS våren 2018 for å avklare uttrekk av journaldokument for overføring til Norsk Helsearkiv. DIPS leverte i juni 2018 ein overordna plan og prisestimat/tilbud for ein slik løysing. DIPS vil utvikle funksjonalitet for uttrekk som ein separat modul som blir felles for alle helseføretak i Norge, uavhengig av versjon av DIPS, og som blir framtidig Arena-funksjonalitet for å oppfylle forskriftskrav.

Helse Nord har gjort avrop på opsjonen og inngått avtale. DIPS startar utvikling jan/feb 2019 og det blir organisert eit prosjekt leia av Helse Nord med deltakarar frå Direktoratet for e-helse og Norsk helsearkiv. Helse Vest IKT vil fylgje dette arbeidet, og gjere avrop på modulen når denne er klar som produkt frå DIPS.

SAK 004-19

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest IKT AS

DATO: 06.03.2019

SAKSHANDSAMAR: Erik M. Hansen, Fredrik Eldøy, Rolf Ruland, Leif Nordland

SAKA GJELD: **Rapport frå verksemda per januar 2019**

ARKIVSAK:

STYRESAK: Styresak 004/19 B

STYREMØTE: 13.03.2019

FORSLAG TIL VEDTAK

1. *Styret tek rapport frå verksemda for januar 2019 til etterretning.*

Oppsummering

Administrasjonen har oppsummert rapport om verksemda i ein figur som viser overordna status for Produksjon, Bidrag til bruk av IKT (status program og prosjekt) og Ressursar.

Fakta

Figuren nedanför visar målkortet för januari 2019



Kommentar

Viser til "Rapport om verksemda per januar 2019" som er lagt ved i vedlegg 1. Det vert vist til adm. dir. sine innleiande merknader i rapporten.

Konklusjon

Administrasjonen er av det syn at utviklinga for Kundesenteret no er på rett veg (sjå og eiga sak 011/19). Det er svært stor aktivitet i program og prosjekt knytt til produksjonssetting av nye løysingar. Så langt er det gjennomført 5 store produksjonssettingar sidan 1. desember 2018. Desse har vore gjennomført med god kvalitet. Det er viktig at tilsvarande kan gjennomførast for resterande produksjonssettingar i fyrste halvår 2019.

**Verksemdsrapport
for
Helse Vest IKT AS
per
januar 2019**

Versjon: 1.0

Dato: 06.03.2019

Målkort




Adm. dir. sin vurdering

Stabil drift


Det er fremdeles utfordringer med å overholde avtalt servicegrad for Kundesenteret, men det har vore ein gradvis betring i perioden frå oktober 2018 og framover. For januar vart resultatet 74 %, for februar 78 %. Status for Kundesenteret er lagt fram som eiga sak, jfr. sak 011/19.

Åpne episoder ved endt arbeidsuke - siste 53 uker



Utviklingen i antall åpne episoder og åpne leveranser mandag morgen er vist i de to grafene nedenfor. I grafene er situasjonen vist til og med utgangen av veke 9, dvs. 01.03.2019.

Åpne leveranser ved endt arbeidsuke - siste 53 uker



Utviklingen for begge grafene viser både veksten i episoder knyttet til oppgradering av DIPS 09.02.2019 og effekten av vinterferie i uke 8 og 9.

Integrasjonsarbeid og måltall

Integrasjonssenteret presenterer i målkortet antall integrasjonsleveranser overlevert til A-test per måned. Integrasjonsleveranser er i denne sammenheng ferdig utviklede og testede integrasjoner der behovene er avklart. Integrasjonsleveranser til større prosjekter og programmer, eksempelvis LIBRA, er planlagt levert samtidig i henhold til prosjektets planer og pågår over et lengre tidsrom. Dette medfører at antall integrasjoner overlevert til A-test i perioder kan være lavt, for så å være veldig høyt i andre perioder.

I flere av prosjektene er Integrasjonssenterets bistand mye rettet inn mot analyse, utredning og evalueringer. Dette gjelder eksempelvis i anskaffelsesprosjekter med utarbeidelse av anbudsgrunnlag og evaluering av tilbud fra leverandører, og i innledende analysefaser som f.eks. AMK-IKT-prosjektet og Byggeprosjektene er i nå. Denne type aktivitet blir dermed ikke gjenspeilet i antall integrasjoner på målkortet til Helse Vest IKT.

Sikkerhetsavvik

Det ble i januar 2019 rapportert 56 mulige sikkerhetsavvik i Helse Vest IKT sitt sakshåndteringssystem. Samtlige var reelle sikkerhetsrelaterte hendelser håndtert av sikkerhetsorganisasjonen. Helse Vest IKT rapporterer sikkerhetssaker med status «avsluttet» i den måneden de ble avsluttet. 25 av sakene var reelle sikkerhetsavvik, 5 av disse ble rapportert i avvikssystemet Synergi for håndtering, læring og årsaksanalyse enten i HVIKT AS og/eller hos kunde/berørt virksomhet.

Sikkerhetsavvikene var:

- *Manglende skjerming av personnummer i sak til kundesenteret – 2 tilfeller.*
- *Bruker har fått brukernavn/passord av kollega og er pålogget feil brukerkonto. Brudd på IKT-sikkerhetsinstruks. Sak meldt foretaket i Synergi.*
- *Feil ved tilgangsstyring/rolle.*
- *Forvalter i HVIKT påpeker omfattende avvik i et behandlingsrettet helseregister som er tjenesteutsatt. Avviket er et resultat av at en behandler i installasjonen har tilgangen til å slette kartleggingsplaner med leverte besvarelser fra pasient. Disse er blitt slettet og gir feil i rapporter som besvarelsene genererer da disse adopterer data fra de tre siste besvarelsene til pasient. Dette er en endring helseforetaket utførte selv utenom endringsstyring for en tid tilbake da de systemansvarlig har tilgang til dette i løsningen. Det ble mye kartlegging og feilsøk for avdekke omfang av hvor mange besvarelser og pasienter dette gjaldt og konsekvens av avviket. Det anbefales også at systemansvarlig rollen endres til at de ikke skal ha tilgang til å utføre slike endringer i systemet utenom endringsstyring. Avviket meldes til helseforetaket i Synergi.*
- *Snarveier i applikasjoner tilgjengeliggjort i RES har for høye rettigheter som bryter med policy. Dette korrigeres/fjernes og avviket er med det lukket.*
- *Åtte sikkerhetssaker ble logget om til problemsak og underliggende årsak følges opp i disse.*
- *System installert og konfigurert av tredjepart er installert uten antivirus, som er brudd på policy. Saken avklares i dialog med leverandøren.*
- *Overvåkning varsler nedetid på nettside som inneholder oversikt over praktiske prosedyrer i sykepleiertjenesten. Tjenesten re-etableres. Nedetiden knyttes til månedlig patching av servere.*
- *Administrative rettigheter var knyttet til vanlig brukerkonto, som er avvik fra policy. Dette var gjort av konfigurasjonsbehov. Avviket ble korrigert så raskt konfigurasjonen var gjennomført.*
- *Sikkerhetsavvik med nedetid grunnet manglende backup på et system.*

- *Bruk av annen persons bruker-ID og passord. Avvik på IKT-sikkerhetsinstruks. To saker. Avvikene meldt i Synergi til foretaket det angikk.*
- *HelseCERT varsler sårbarhet publisert mot internett. Sårbarheten lukkes i tråd med anbefalingen fra HelseCERT ved oppgradering til ny versjon av sårbar programvare.*
- *I forbindelse med en sikkerhetstest som er en del av vår internkontroll blir det blitt avdekket en del brukere med svake passord (flere tilfeller). Brukere oppfordres til å endre passord til noe med bedre kompleksitet.*
- *HelseCERT varsler som sårbarheter til Cisco Ironport. Vår installasjon oppgraderes til ikke-sårbar versjon av forvaltningen.*
- *HelseCERT varsler om en alvorlig hendelse (utenfor helsesektoren) og kommer med indikatorer som bør undersøkes for å se om trusselaktøren kan ha rettet fokus mot vår virksomhet. Foreslåtte tiltak utføres og tester gjøres uten funn av noen slag. Saken lukkes.*
- *Pasient finner via innsynstjenesten på helsenorge.no et dokument som ikke tilhører seg og varsler helseforetaket. Standard prosedyre brukes. Dokumentet var sendt fra et helseforetak til et annet og scannet inn i feil journal. Dokumentet flyttes til rett pasient og avvik er registreres i Synergi av foretaket pasienten hører til. Foretaket oppretter også sak for journalansvarlig og foretaksjurist for videre oppfølging med Datatilsyn og de to pasientene det angikk.*

Synergisaker på IKT-sikkerhet/drift inn til Helse Vest IKT

Det er i januar 2019 meldt 10 saker som omhandler informasjonssikkerhet til Helse Vest IKT i avvikssystemet Synergi. 23 saker er lukket i perioden. I Synergi registres saker statistisk den måneden de er ferdigbehandlet, uavhengig av når hendelsen oppstod.

Porteføljestatus

Antall prosjekt i porteføljen som rapporterer rødt på tid har økt fra foregående rapportering. Samtidig er det nå gjennomført 5 store produksjonssettinger, FERD Helse Førde, Finne frem Helse Bergen, Imatis (SPOR) Haraldsplass Diakonale Sykehus, oppgradering DIPS Classic/Arena og FERD Helse Fonna. Alle disse produksjonssettingene er gjennomført med god kvalitet og få etterfølgende driftsforstyrrelser. Det er derfor viktig nå også makte med resterende planlagte produksjonssettinger i 1. halvår 2019. Dette er oppgradering Meona, LIBRA 1, FERD Helse Stavanger og Imatis (Innsjekk og betaling) Helse Stavanger.

Økonomi


Regnskap for november viser et drifts- og månedsresultat under budsjett. Resultat hittil i år viser et underskudd på 6,7 mill, men er 3,0 mill over budsjett. Prognosen viser eit overskudd på 1 mill i tråd med budsjett.

Personal

Sykefravær og «turn over» er begge i grønt område ifht. de mål som er satt for disse. Samtidig kommer det tilbakemeldinger fra særlig avdeling Tjenesteproduksjon om et høyt arbeidspress som følge av summen av aktiviteter knyttet til stabil drift og produksjonssetting av nye løsninger.

1. Produksjon

1.1 Førespurnader til Helse Vest IKT



Definisjoner:

Her viser vi totalen for denne månaden. I parentes vises prosentavvik i forhold til gjennomsnittet de siste 13 mnd.


E-post support: Teller all e-post til Kundesenteret med unntak av spam-mail.

E-post bestilling: Teller all e-post med unntak av spam-mail som kommer inn til ikt-bestillingsadressene til Sal.

Kundeweb: Mengd oppdateringar på eksisterande saker eller nye saker.

Telefon: Mengd telefoner svara på av Kundesenteret.

1.1.1 Detaljert telefonstatistikk



Definisjoner:

Tallene viser henvendelsene til kundesenteret på telefon (55976540) uavhengig av om svara på eller ikkje; dvs all innkomande telefontrafikk. Teller også telefonane utanom avtalt opningstid. Total antall vises under 1.1 Førespurnader til Helse Vest IKT.

Besvarte telefonar: Viser tal på telefonar som er svara på i forhold til total antall telefonar.

Tapte telefonar: Viser tal på telefonar som er lagt på utan å få svar i forhold til total antall telefonar.

Telefonar Svara på etter 1 min: Viser mengd som ventar over 1 minutt og får svar i forhold til total antall telefonar.


1.2 Behandling av sakene.

Under viser vi total antall lukkede og loggede episoder/leveranser. I parentes vises avvik i forhold til gjennomsnitt de siste 13 mnd. Mørk bakgrunnsfarge viser en travel måned (over gjennomsnitt), lys farge betyr mindre travel måned (under gjennomsnitt).

1.2.1 Episoder


Definisjon av episode: Stans eller forseinking i arbeidsprosesser hjå kunde, der stansen eller forseinkinga er relatert til tenester levert av Helse Vest IKT, uavhengig av om den underliggjande årsak er avvik på tenestene.

Episoder



1.2.2 Leveranser

Definisjon av Leveranse (Service Request): Ein førespurnad frå bruker om informasjon, rådgjeving, levering av ein standard leveranse eller tilgang til system. Ein leveranse er normalt ikkje relatert til en prosessstopp for kunde. Det er ein betydelig mengd leveransar som blir handsama i samlepunktet, disse kjem ikkje med i rapporten da det er assyst som danner grunnlaget for rapporten.



1.3 Applikasjonsgrupper - status mengd applikasjoner

Vi viser i tabell bare de Applikasjonstjenestegrupper som har endringer i antall instanser eller produkt.

Applikasjoner					
1549 Instans	989 Produkt	Kategori	Instans	Diff Instans	Produkt
		Laboratorie - Ytterleg	44	12	20
		Operasjon	4	1	2
		PAS og EPJ - Ytterleg	35	1	12
		Røntgen - Ytterleg	39	0	23
		SMSYS - Mellomstore	210	6	135
		SMSYS - Små	753	-2	623
		Tele og Signal - Signal	3	-1	2
		Tele og Signal - Telefoni	7	-1	1
		Tele og Signal - Ytterleg	13	0	5
		Web portaltjenester - Ytterleg	33	1	12
16 Diff Instans	5 Diff Produkt				

		Systemer i produksjon					
		Systemforvaltning		Desktop		Understøttende (Interne HVIKT)	
		Instans	Produkt	Instans	Produkt	Instans	Produkt
Store		586	232	84	22	179	87
Mellomstore		209	137	0	0	0	0
Små		754	624	0	0	0	0


1.4 Oppetid per applikasjonstenestegruppe/driftstenester

Applikasjonstenestegruppe	Instanser	Nedetid siste mnd (min) ▼	Oppetid siste mnd
SMSYS - Mellomstore	208	980	99,99 %
Røntgen - Ytterleg	39	280	99,99 %
PAS og EPJ - Ytterleg	35	45	99,99 %
PAS og EPJ - DIPS	6	0	99,99 %
Total		1305	

100%	Applikasjonsteneste-gruppe (46 grupper, 3 uten måling)	Oppetid siste 12 mnd	Antall grønne mnd	Antall gule mnd	Antall røde mnd
40	Pas og EPJ - DIPS	99,808 %	3	8	1
Forrige mnd: 36	Røntgen - Ytterleg	99,969 %	8	4	0
99,5 - 99,9 %	Laboratorie - Ytterleg	99,995 %	9	3	0
3	Avdeling Diverse	99,998 %	9	3	0
Forrige mnd: 7	Tele og Signal - Telefoni	99,981 %	10	2	0
Under 99,5%	Kurve- og legemiddelhåndtering	99,998 %	10	2	0
0	Legemiddel	99,968 %	11	1	0
Forrige mnd: 0	Innkjøp og Logistikk - Visma	99,990 %	11	1	0
	Skåring - Checkware	99,998 %	11	1	0
	Administrativ Diverse	99,999 %	11	1	0
	Administrativ Dokumentasjon -...	99,999 %	11	1	0
	Pas og EPJ - Ytterleg	99,999 %	11	1	0

1.5 Overvaking

Denne grafen viser episoder oppretta av overvaking som prosentandel av totalt oppretta episodar. Grafen viser dei siste 12 månadene.



2. Program- og prosjektstatus

Figuren nedenfor viser oppdatert status for program og prosjekt i porteføljen. Det vises i tillegg til gjennomgang av status sett fra Helse Vest IKT som kontraktspart, jfr. sakene 015/19, 016/19, 017/19 og 018/19.



Det er en økning i antall prosjekt som rapporterer rødt på tid. Det er nedenfor tatt inn utdrag fra statusrapport til Porteføljestyret sitt møte 11.03.2019.

Program Heliks

Status tidsplan	Trend status tidsplan fremover	Status kostnader	Trend status kostnader fremover	Status kvalitet	Trend status kvalitet fremover	Status risiko	Trend status risiko fremover	Status personell	Trend status personell fremover	Status nytte	Trend status nytte fremover
⚠	➡	🟢	⬇	⚠	⬆	⚠	➡	🔴	⬆	⚠	➡

FERD er i rute med forberedelser til oppstart Sectra radiologiløsning i Helse Fonna 18. februar. Stabil drift i perioden etter oppstart i Helse Førde 10. desember 2018.

KULE har gjort tiltak for å sikre at pågående akseptansetest av Meona oktober-leveranse fullføres innen planlagt milepæl og med tilfredsstillende kvalitet for produksjonssetting 27.mars. Ny prosjektledelse på plass pr. 1. januar.

ODA er i rute med planlagt oppgradering av DIPS Classic og Arena 9. februar som forutsetning for oppstart registrering av pakkeforløp psykisk helse og rus fra 1. mars. Forberedelser til oppstart Arena pilot i Helse Førde 21. mai og Helse Bergen 10. september pågår.

Program Alle Møter

Status tidsplan	Trend status tidsplan fremover	Status kostnader	Trend status kostnader fremover	Status kvalitet	Trend status kvalitet fremover	Status risiko	Trend status risiko fremover	Status personell	Trend status personell fremover	Status nytte	Trend status nytte fremover

Programledelsen bruker fremdeles betydelig med tid på å bistå prosjekterne for Vel møtt prosjektene.

Prosjekt Vel planlagt er under etablering.

Fremdeles er det utestående forespørsler på ressurser, og manglende godkjenning av budsjett.

Programledelsen ser det som kritisk og komme i gang med forprosjekt på en helhetlig vurdering av SMS-løsningen.

Programledelsen har ikke fått en avklaring og eventuell GO på start av forprosjekt Vel heim.

Program LIBRA

Status tidsplan	Trend status tidsplan fremover	Status kostnader	Trend status kostnader fremover	Status kvalitet	Trend status kvalitet fremover	Status risiko	Trend status risiko fremover	Status personell	Trend status personell fremover	Status nytte	Trend status nytte fremover

Mange aktiviteter er på kritisk linje og skjer i parallell. Akseptansetest, Data migrering, og produksjonsmiljøet er forsinket. Løsning for virksomhetsstyring er fremdeles på kritisk linje. Opplæring av superbrukere og instruktørene har startet.

Det er knapphet på nøkkelressurser i leveranseprosjektene som medfører utfordringer for kompetansebygging i innføringsprosjektet.

Forsinkelsene medfører at februar måned er høyaktivitetsmåned med både test og opplæring. Foretakene må prioritere ressurser til dette i februar for å nå produksjonssettingsdato.

3. Økonomisk resultat per utgangen av januar

3.1 Oversikt

Rapporten for januar syner eit drifts- og månadsresultat under budsjett. Resultat hittil i år viser eit overkot på 2,3 mill og er 2,0 mill under budsjett. Resultat er korrigert for «meirpensjon».

Prognosen viser eit overskot på 1 mill i tråd med budsjett.

Resultatrapport per 31.01.2019

Rekneskap januar 2019	Denne perioden			Hittil i år			Hele året		
	Resultat	Budsjett	Avvik budsjett	Resultat	Budsjett	Avvik budsjett	Prognose	Budsjett	Avvik budsjett
Salsinntekter - Tenester HF	82 849 814	82 188 222	661 593	82 849 814	82 188 222	661 593	1 025 771 288	1 025 771 288	0
Salsinntekter - Tenester Øvrige	2 716 960	4 361 735	-1 644 775	2 716 960	4 361 735	-1 644 775	54 269 418	54 269 418	0
Salsinntekter - Varer	1 443 874	2 365 833	-921 959	1 443 874	2 365 833	-921 959	28 390 000	28 390 000	0
Salsinntekter - Anna	1 969 218	2 573 968	-604 750	1 969 218	2 573 968	-604 750	30 887 619	30 887 619	0
Sum Salsinntekter	88 979 867	91 489 758	-2 509 892	88 979 867	91 489 758	-2 509 892	1 139 318 325	1 139 318 325	0
Driftskostnader - Varer	1 092 928	2 365 833	-1 272 905	1 092 928	2 365 833	-1 272 905	28 390 000	28 390 000	0
Driftskostnader - Personal	32 042 237	31 968 794	73 443	32 042 237	31 968 794	73 443	366 455 529	366 455 529	0
Driftskostnader - Avskrivningar	20 596 542	20 864 937	-268 395	20 596 542	20 864 937	-268 395	273 752 995	273 752 995	0
Driftskostnader - Eksterne tenester	3 520 703	2 941 020	579 684	3 520 703	2 941 020	579 684	72 704 389	72 704 389	0
Driftskostnader - Lisensar	21 636 020	19 483 509	2 152 511	21 636 020	19 483 509	2 152 511	278 335 841	278 335 841	0
Driftskostnader - Reise	808 295	666 548	141 746	808 295	666 548	141 746	7 998 581	7 998 581	0
Driftskostnader - Linjeleige	874 376	2 428 595	-1 554 219	874 376	2 428 595	-1 554 219	29 143 137	29 143 137	0
Driftskostnader - Anna	5 545 279	5 672 515	-127 236	5 545 279	5 672 515	-127 236	68 537 853	68 537 853	0
Sum Driftskostnader	86 116 380	86 391 751	-275 371	86 116 380	86 391 751	-275 371	1 125 318 325	1 125 318 325	0
Driftsresultat	2 863 487	5 098 008	-2 234 521	2 863 487	5 098 008	-2 234 521	14 000 000	14 000 000	0
Inntekt - Finans	50 884	83 333	-32 449	50 884	83 333	-32 449	1 000 000	1 000 000	0
Kostnad - Finans	884 101	866 663	17 438	884 101	866 663	17 438	14 000 000	14 000 000	0
Sum Finans	-833 217	-783 330	-49 887	-833 217	-783 330	-49 887	-13 000 000	-13 000 000	0
Resultat	2 030 270	4 314 678	-2 284 408	2 030 270	4 314 678	-2 284 408	1 000 000	1 000 000	0
Korrigert for "meirpensjon"	256 275	0	256 275	256 275	0	256 275	0	0	0
Resultat korrigert for "meirpensjon"	2 286 545	4 314 678	-2 028 133	2 286 545	4 314 678	-2 028 133	1 000 000	1 000 000	0

Salsinntekter *Tenester Helseføretak (HF)* ligg 0,7 mill over budsjett per januar.

Salsinntekter *Tenester Øvrige* ligg 1,6 mill under budsjett.

Salsinntekter Anna er tilskot til drift og utvikling av medisinske kvalitetsregistre og inntektsført andel av tilskot til raskare innføring av elektroniske tilvisingar frå revidert nasjonalbudsjett 2013 og statsbudsjett 2014. I tillegg kjem tilskot til dekning av pensjon (med tilsvarende kostnad).

Personalkostnader er 0,1 mill over budsjettet. Det er levert i alt 16 772 timer frå Helse Vest IKT til prosjekt ved utgangen av januar, dette er 1 813 meir enn budsjettet (investeringsprosjekt (aktiverbare) 9 timar for mykje, driftsprosjekt (ikkje aktiverbare) 1 804 timar for mykje).

Avskrivningar ligg 0,3 mill under budsjett.

Eksterne tenester ligg 0,6 mill over budsjett.

Lisenskostnader ligg 2,2 mill over budsjett. Budsjettet må sjåast i samanheng med posten Anna, kor avsetning på fakturaer i flyt er bokført.

